

Nordhordland Utviklingselskap IKS

Styret si årsmelding 2013

Type verksemd og lokalisering

Nordhordland Utviklingselskap IKS er eit interkommunalt selskap eigd av kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy. Selskapet har kontor i Knarvik.

Regionrådet legg til grunn i strategiplanen at selskapet skal jobba med marknadsføring av regionen, betring av kommunikasjonane, nærings- og arbeidsplassutvikling og generelt jobba for meir effektiv forvaltning og tenesteproduksjon for kommunane gjennom interkommunalt samarbeid m.v.

Rekneskapsmessig resultat

Rekneskapan viser eit mindreforbruk på kr 190.244,-. Styret foreslår at mindreforbruket vert avsett til disposisjonsfondet.

Drifta er finansiert av medlemsavgift frå eigarkommunane, driftstilskot frå Hordaland fylkeskommune og prosjektinntekter. Styret meiner at årsrekneskapan gir eit rettsvisande bilete av selskapet sine eigendelar og gjeld, finansielle stilling og resultat.

Likestilling/HMS

Selskapet har tre kvinner og to menn tilsett pr. 31.12.2013. Det er ikkje gjort spesielle likestillingstiltak. Innan HMS-området har dei tilsette tilbod om å kjøpa utstyr som kan betra arbeidssituasjonen til den enkelte.

Arbeidsmiljø

Det sosiale arbeidsmiljøet vert rekna som godt, og det er ikkje registrert skader på dei tilsette i 2013.

Påverknad av det ytre miljø

Verksemda har ikkje vore til last for det ytre miljø. Det har vore normal avfallsmengd og ingen ureinande tiltak frå verksemda si side.

Grunnlag for fortsatt drift

Som det kjem fram av årsrekneskapan er det grunnlag for fortsatt drift av verksemda.

Knarvik, 11. april 2014


Ingvild Hjeltnes
Styreleiar


Øivind Øisnes
Styremedlem


Odd Ivar Øvregård
Styremedlem